
Saknr: 2021/44239-2
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 08.09.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Forskrifter om Klima- og miljødepartementet sin tildeling av tilskot for kap. 1429, postane 70, 71, 72, 73, 74, 75, 77 og 79

Forskrifter om følgjande tilskotsordningar vart vedteke av Kongen i statsråd 13.08.21:

Forskrift om tilskudd til automatisk fredete og andre arkeologiske kulturminner
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2507>

Forskrift om tilskudd til fredete kulturminner i privat eie <https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2508>

Forskrift om tilskudd til tekniske og industrielle kulturminner
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2509>

Forskrift om tilskudd til stavkirker, bygg og anlegg fra middelalderen, konservering og brannsikring
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2510>

Forskrift om tilskudd til fartøyvern
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2511>

Forskrift om tilskudd til fagutvikling i fartøyvernet
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2512>

Forskrift om tilskudd til verdiskaping på kulturmiljøområdet
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2513>

Forskrift om tilskudd til verdensarv
<https://lovdata.no/SF/forskrift/2021-08-13-2514>

Forskriftene trådte i kraft 01.09.21.

Vestland fylkeskommune handsama høyringsframlegget for dei nye forskriftene i hovudutvalet 25.11.20 (PS 178/2020) og i fylkesutvalet 10.12.20 (PS 303/2020). I fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020:

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune kan ikkje slutte seg til forslaget for forskriftfesting av KLD sine tilskotsordningar slik dette no ligg føre.
2. Vestland fylkeskommune ber Klima- og miljødepartementet arbeide vidare med grunnlaget for forskriftsfestinga av tilskotsordningane med utgangspunkt i følgjande:
 - sikre samsvar mellom Stortingsmeldinga «Nye mål i kulturmiljøpolitikken» og forskriftene for tilskotsordningane.
 - sikre samsvar med det faglege grunnlaget i bevaringsprogramma og med arbeidet som no skal gjerast med bevaringsstrategiar
 - koordinere arbeidet med Kulturdepartementet sitt arbeid på museumsfeltet for å sikre at kulturhistoriske bygg i musealt eige har tenlege tilskotsordningar
 - vurdere konsekvensane forskriftene vil ha for kulturminne og kulturmiljø forvalta av selskap og stiftingar der stat, kommune eller fylkeskommune oppnemner majoritet i styret.
3. Vestland fylkeskommune ber om at forskriftsfesting for tilskotsordningane tidlegast trer i kraft frå og med 2022 og at vedtekne forskrifter ligg føre i god tid før utlysing av tilskotsmidlar for komande år.
4. Vestland fylkeskommune meiner klagehandsaming for tilskotsordningane må ligge til fylkeskommunen sjølv, jf. normalordninga etter forvaltningslova § 28. Det vil vere mest effektivt, minst byråkratisk og i tråd med regionreforma som demokratireform

I saksutgreiinga vart det vist til at høyringsforslaget slik det låg føre ville innskrenke mogelegheita for å gje tilskot til kulturminne og kulturmiljø eigd av musea, samt selskap og stiftingar der fylkeskommunen oppnemner majoritet i styret. Det vart her vist til følgjande døme på anlegg som ville bli ramma:

- Bygningsmiljøet Singerheimen i Stryn (nyleg oversendt Riksantikvaren for freding)
- Museumssenteret i Hordaland som i 2020 fekk tildelt kring 6,6 mill. i tilskot frå KLD sine ordningar, fordelt på Salhus Tricotagefabrik (nyleg freda), det freda kulturmiljøet Havrå på Osterøy og lyngheilandskap på Lygra (Lyngheisenteret).

Avdelingsdirektøren merkar seg at forskrifta for post 71 (freda kulturminne i privat eige) og post 72 tekniske og industrielle kulturminne) no har rundare formuleringar i høve kven som kan søke midlar over ordningane. Avsnittet om at det ikkje skal gjevast tilskot til kulturminne og kulturmiljø i statleg, kommunalt eller fylkeskommunalt eige, er no teken ut. Også formuleringa om at det ikkje skal gjevast tilskot til selskap, stiftingar og andre juridiske personar der stat, kommune eller fylkeskommune har majoritet i styret, er teken ut. Desse endringane gjev regionalforvaltninga handlingsrom til å gjere skjønsmessige vurderingar. Det opnar opp for at det kan tildelast midlar over post 71 og 72 til freda kulturminne og kulturmiljø i musealt eige og gjer det mogeleg å tilgodesjå den store innsatsen som stiftingar, lag og organisasjonar legg ned for å ta vare på nasjonale og regionale kulturarvverdiar.

I spørsmålet om klageinstans er Vestland fylkeskommune sitt innspel om å nytte normalordninga etter forvaltningslova § 28, der fylkeskommunen sjølv avgjer klagesaker, innafor dei økonomiske rammene for tilskotsordninga, ikkje teken til følgje. Dette betyr at klagesaker etter gjeldande ny forskrift skal sendast Riksantikvaren for avgjerd.